



Laurdag er det stor påskefest i Dønhauglåven og dei fleire hundre som sikkert kommer vil mellom anna beundra påskepynten som russen har fått eit eige budsjett til å ordne. Den allsidige uskedeling Aleksander Rebaudo har fått med seg ein gjeng av medruss til å gjera låven spennande og skapa påkestemming. Russen skal utnytte kreativiteten utan at det treng å kosta så mykje

Dei tykkjer det er kjekt å skapa noko nytt og håpar å engasjera fleire til å bli med i den store dugnaden Festidalen, Det er trong for mange fleire frivillige.

Sondre Høyland Enes seier til Kvinnheringen at ein låvefest gir ei heilt anna oppleving enn dei stadene dei unge vanlegvis går på.

Elers er det adgang til førehandspåmelding til quizen også på Dønhaug.

Pyntekomiteen på biletet består av frå venstre Kari Mehl Willumsen, Malin Henriette Mæland, Oda Bjørgen Bjørgvik, Kathine Olsen, Aleksander Rebaudo, Sondre Høyland Enes og Erik K.E. Rowe
Kvinnheringen har teke biletet.